


Menighetsbladet for

AUDNEDAL

Nr. 3 2021. 3. årgang

- **Hvem var «Tore målar»?** side 6-7
- **Min salme: Brit Bakken Ødegård,** side 8
- **Gudstjenester i det fri!** side 11



*Utsikt over Konsmo-bygda
fra stien opp til Kjørkeheia. Les mer på side 4.
Foto: Ingunn Birkeland*

Kirkekontoret

Sted: Konsmo kommunehus

(Også etter sammenslåing til nye Lyngdal kommune, finner du kirkekontoret her.)

Daglig leder i Konsmo og Grindheim menigheter: Ingunn Birkeland

Kontortid: mandag, tirsdag og torsdag kl. 10-14.

Tlf: 919 19 819

Bruk gjerne e-post utenom kontortid:

ingunn.birkeland@lyngdal.kirken.no

Sokneprest: Geir Ola Tveit

Mobil: 958 08 836

E-post: geir.ola.tveit@lyngdal.kirken.no

Nettside: www.lyngdal-kirken.no

Audnedal menighetsblad

Utgitt av soknerådene i Grindheim og Konsmo.

Opplag: 770

Send gjerne inn stoff til bladet eller kontakt noen i redaksjonen om ting som kan ha interesse.

Innleveringsfrist neste blad:

26. november 2021.

Redaksjon:

Ragnhild Huseby Solås

Lise Finseth Løland

Sissel B. Håland

Geir Ola Tveit

Liv Birkeland (redaktør)

Mobil: 930 56 787

Epost: birkeland3112@gmail.com


Bladbunad/trykk: Sjograf as

Gaver til bladet mottas med stor takk!

Konto: 3108 20 07450

Besök nettsiden:

www.lyngdal-kirken.no



FRIDOM

Nokre pandemifornektarar

uttala seg om sitt syn

på styresmaktene si handtering av pandemien. Dei var opptekne av fridom. Den var blitt teken frå dei. Styresmaktene har funne på ein pandemi som legg band på alle i samfunnet, meiner dei. Vi kan ikkje gjera som vi vil lenger.



Eg er på ingen måte einig i fornektinga av pandemien. Dei som tenker slik, lurer seg sjølv. Men eg skjører lengten etter fridom. Ingen ynskjer å leva eit liv med strenge band. Vi vil ta våre avgjelder sjølv.

Korleis hadde det blitt dersom pandemien hadde blitt sluppen laus? Då hadde mange blitt sjuke og fleire hadde døydd. Folk hadde blitt bundne av sjukdom, av frykt for å bli sjuk, og av død. Så det paradoksale er: Vår fridom blei begrensa for å bevare fridomen.

Jesus var oppeten av fridom. Han seier: *Blir de verande i mitt ord, er de verkeleg mine læresveinar. Då skal de få kjenna sanninga, og sanninga skal gjera dykk frie.*

Jesus talar ikkje om fridom som eit ytre fenomen. Han levde sjølv i eit okkupert land der framande styremakter heldt folk nede. Jesus taler om noko viktigare: Fridom i hjartet.

Sanninga skal gje oss den fridomen. Sanninga som fortel deg at du er elskar av Gud. Sanninga som fortel deg at det viktigaste som finst i verda, det har Jesus gjeve deg. Sanning som seier deg at Gud vil ause sine gaver over deg. Han forlet deg aldri.

” **Vår fridom blei begrensa for å bevare fridomen.**

Jesus seier vidare: *Kvar den som gjer synd, er slave under synda.* Her er det tale om å bli bunden av krefter ein ikkje kjenner til før ein sit fast. Det inneber at gåvene tek all merksemda. Eg må heile tida fylla på med meir for å kjenne at eg lever. Når livet blir tomt, må det fyllast med ting eller aktivitet.

Får Sonen gjort dykk frie, blir de verkeleg frie, seier Jesus. Han flytter merksemda over frå gåvene til gjevaren. Han viser til kjelda som alt strøymer frå.

Avgrensingar som styresmaktene vedtek kan berre regulere det ytre. Men nokre blir også bunden i hjartet. Når ein nekta for fakta og i staden skaper si eiga verd der det ikkje er nokon pandemi, då er ein ikkje lenger fri, sjølv om ein trur det.

Jesus er sanninga og han gjev oss fridomen. Den fridomen kan ingen ta frå deg.

*Geir Ola Tveit
sokneprest i Audnedal*

EI KJELDE MED VATN

I Johannes 4, vers 13-14 står det fylgjande:
*Jesus svara : «Den som drikk av dette vatnet,
blir tørst att. Men den som drikk
av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta.
For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han
med vatn som bryt fram og gjev evig liv»*

Vatnet Jesus snakkar om er ikkje vatnet som renn i vasspostane på Grindheim kyrkjegard, det kjem frå ei heilt anna kjelde. Men me har nok av vatn!

I 2018 var me så heldige å få ei anonym pengegåve som skulle brukast til å pryda kyrkjegarden. Soknerådet har lenge ynskja å oppgradera vasspostane, men som med alt anna teke ting tid, men nå i sommar vart det fart på sakene. Sven Verdal som er kyrkjegardsarbeidar har gjort ein formidabel jobb med gravmaskinen, og me har fått opp heilt nye vasspostar. Me hadde tidlegare fire stykke, men nå kan me skryta av fem stykke. Dei er plasserte rundt på kyrkjegarden for å kunne letta arbeidet til alle som vatnar på gravene. Me er kjempefornøgde med resultatet.

Me takkar så mykje for pengegåva! Den er umåteleg sett pris på, og me håpar den blir til glede for mange i form av nye flotte vasspostar.

Ute i verda er det diverre mange som ikkje er like heldige med reint tilgang til vatn, noko me nok tek for gitt at me har nok av.

Kirkens Nödhjelp jobbar for at fleire skal få tilgang til reint vatn. Vil du bidra så kan du vippa ditt bidrag til 2426. Reint vatn reddar liv!

Helsing frå Grindheim sokneråd.



” Me takkar
så mykje for
pengegåva!



BAASLAND TIL BYREMO

På temakveldene i Grindheim kyrkje blir det tatt opp temaer som ellers ikke berøres så ofte i forkynnelsen eller på annen måte. Kveldene starter med en innledning om et tema etterfulgt av enkel servering. Når alle har fått en kaffetår, er det anledning til samtale og spørsmål.

Tirsdag 19. oktober kl. 19:30

vil sokneprest Geir Ola Tveit innlede om:
«Er det ulydighet mot Gud å tenke selv?»


Tirsdag 23. november kl. 18:30

kommer Ernst Baasland (bildet) på besøk og snakker om:
«Forandrer kristendommen seg med årene?»

Baasland var i mange år professor på Menighetsfakultetet, der han underviste i Det nye testamente. Fra 1998 til 2009 var han biskop i Stavanger og er kjent som en dyktig og engasjert foredragsholder.

Tekst og foto: Ingunn Birkeland

**Har du lagt merke til de nye trehvite trappene som hviler mot fjellpartiet i Konsmosvingen?
De er en del av den nylig oppmerkede turløypa til Kjørkefjellet (297 m.o.h.)
med god utsikt over hele Konsmo sentrum og Bordalen.
Løypa er en fin og variert rundtur på ca 5 km.**



Trappene og stien slynger seg gjennom tørr furuskog med lyngdekket bunn, mot toppen. Turen er bratt, får pulsen til å stige og svetten til å renne. På vei opp er det flere gode utsiktspunkter der man kan ta en pust i bakken og en sluk medbrakt drikke. På denne tiden av året kan du finne både blåbær og tyttebær langs stien. På toppen henger det ei postkasse på ei furu og her kan du skrive navnet ditt i turboka. Utsikten er ikke som lenger nede, men det er god plass til en litt lengre rast for hele turfølget på fjellknausene på toppen.

Videre går stien ned ei skråning og langs ei myr, i retning mot masten. Her kommer man inn på en smal og tidvis

gresskledd traktorvei. Enkelte steder er det dype hjulspor og noe våte partier. Beina følger veien lett i nedstigningen, gjennom varmekjær løvskog i den sør-vestvendte lia. Den krysser under jernbanesporet i en artig, liten tunell. Det blir mindre gress og mer steiner i veien jo lenger ned du kommer. Nesten nede, krysses bekken. Er du heldig, finner du også bjørnebær her.

Når du kommer ut på hovedveien (fylkesvei 461), krysser du rett over veien og kommer inn på en landlig grusvei ned til parkeringen.

Stien er godt merket med blå maling begge veier. Gode parkeringsmuligheter ved kirka eller bedehuset.

«Turløypa til **Kjørkefjellet** er en av flere løyper Trimgruppa i idrettslaget nylig har merket.

Løypa over Stifjellet og den fra Konsmoparken til Hægeland via Vrålstad er merket på tilsvarende vis,» forteller Turid Vrålstad, et engasjert medlem i Konsmo idrettslag.

Hun forteller også at **Ikornåsen** (omtalt i Menighetsbladet nr 1/21), Hægeland/ Sølvberget om Åsan og siste del av Elvestien er under arbeid.

«Merking av turløyper er nybrottsarbeid i Konsmo, for vi har ikke hatt merket turløpenett her tidligere», fortsetter hun.

Planene er mange, både om nye stier, informasjonstavler og kart med tiden. Flere av løypene er allerede merket inn på Lister Friluftsråd sin app turLister.

Vrålstad vil gjerne trekke frem og takke velvillige grunneiere som har gjort arbeidet med turløpenettet mulig.

«Nå er det bare å komme seg ut!»

JULEGOSPEL: 17. DESEMBER

Tekst: Ragnhild Huseby Solås. Foto: Tor Olav Rydlende

Dirigent og koristar i Byremo gospelkor er optimistar og satsar på julekonsert i Grindheim kyrkje. Dag og dato er fredag 17. desember. Det blir to konserter denne kvelden. Men i bakhovudet ligg det naturleg nok at det kan bli endringar viss koronasituasjonen tilseier det.



Gospel Junior har ein pause denne hausten, men Byremo Gospelkor har allereie hatt fleire øvingar og har sunge julesongar i sommarvarmen. Julekonserten blir den einaste framføringa denne hausten.

Etter jul opnar koret for at nye koristar kan bli med. Så kjenner du at dette er noko du vil vere med på, er du hjarteleg velkommen. Det er koristar frå Grindheim, Åseral, Mandal og Hægebostad og dei er glade for å få med fleire etter jul. Det er ingen opptakskrav – einaste er at du har lyst til å syng. Så om du har lyst til å komme, som tilhøyrar på julekonserten og / eller som korsongar, er du hjarteleg velkommen.

NO KJEM KONFIRMANTANE

Tekst: Geir Ola Tveit

Sist år var konfirmantar eit sjeldan syn å sjå i Konsmo og Grindheim kyrkjer. Det blei etter kvart fire konfirmantar, og dei fekk undervisninga og kyrkejdeltakinga si i Hægebostad og Eiken. Berre den store dagen – konfirmasjonsdagen – vart halden i Grindheim for tre av dei.

No ser vi fram til at ni ungdommar startar konfirmanttida si denne hausten: Fem i Konsmo og fire i Grindheim. Fyrste samlinga er avspark. Det blir lagbygging på Troll Aktiv på Evje. I løpet av tre timer skal utfordrande oppgåver løysast i fellesskap.

3. oktober vil kyrkjelyden i Konsmo få helsa på konfirmantane. Då er det både konfirmantpresentasjon og konfirmantjubileum. 10. oktober får kyrkjelyden i Grindheim helsa på sine konfirmantar.

Utover hausten og vinteren vil konfirmantane få oppgåver i gudsstenestene. Undervisninga byrjar i januar.

”Lat oss vona og be om at dei får eit konfirmantår dei vil tenka tilbake på med stor glede!

Etter skuletid vil konfirmantane og presten samlast og samtale om tru og liv.

Det blir turar til Kristiansand og Lakkenstova. I mars blir det fasteaksjon, og då vil konfirmantane og frivillige banka på dørene og samla inn pengar til Kirkens Nødhjelp. Vi

har god tru for at innsamlinga blir på gammelmaßen denne gongen, frå dør til dør, og ikkje berre digital.

I mai blir det samtalegudsteneste i dei to kyrkjene. Då tar konfirmantane fullt ansvar for gudstene-sta.

Når skulen tar ferie, dreg konfirmantane på konfirmantleir. Etter sommaren kjem det store høgdepunktet. Laurdag 27. august blir det konfirmasjonsgudsteneste i Grindheim. Søndag 4. september skjer det i Konsmo.

HAR DU HØYRT OM HAN TORE MÅLAR?

Tekst: Lise Finseth Løland. Foto: Ruth Ussberg, Lise Finseth Løland og Anne Rakel Håland, Mirakel foto (interiør og utsmykking frå Grindheim kyrkje).

*Han var kjend for både rose målinga
og den vakre songstemma,
Tore Asbjørnson Risøyne, mannen som
grinndølane hyra inn for å måle kyrkja i 1791.
Risøyne var frå Fjotland og omkring 30 år
gamal då han tok fatt på jobben med å rose-
måle Grindheim kyrkje. Han arbeidde for-
trinnsvis som skulemeister og kyrkjesongar.
Rose måling i Noreg hadde si største tid i
mellom 1750 og 1850.*

Frå venstre bak: Ruth Ussberg, Bente Torsøy, Tor Torsøy,
Nils Inge Torsøy og Kjetil Gudmundsen.
Frå venstre framme: Åse Torsøy Øyna med Sverre Klem Huseby
på armen, Signe Marie Ussberg, Torbjørn Torsøy
og Siv Ussberg Gudmundsen.



I sommar fekk eg som kyrkjetenar melding frå etterkommarar av Risøyne. Dei ville gjerne på besøk og sjå kyrkja. Nokre av dei var her for ti år sida, datoен var 22. juli. Så ein kan sjølv tenka seg at det vart ein spesiell og uverkeleg dag og at besøket blei prega av tragedien i slottskvartalet og Utøya.


Uansett, eg avtala med dei kva dag som kunne passa. Då blei det 28 juli. Du kan tru eg gjekk og grude meg litt... Dei hadde trass alt

spurt om eg kunne fortelje dei om «han Tore målar», og dette var slekta hans! Tenk om eg berre stod der og stamma og fekk jarnteppe...

Nei, her måtte ein førebu seg! Det har trass alt vore stille på guidefronten i denne pandemitida, så nå måtte både den nyaste kyrkjeboka og det store internettet fram. Minnet strekk ikkje alltid like godt til, men heldigvis lever me i ei tid der det er lett å finne informasjon ein søker på internett. Det var nok ver-

re for grinndølane i 1791. Det var vel helst «gjetord» det gjekk i då, og ein måtte stola på kjeldene sine.

Vel, dagen kom og inn kyrkjedøra troppa Signe Marie med en familie på 10 stk. Signe Marie er snart 93 år og tippoldebarnet til Tore målar. Tenk det, for ei oppleving for kyrkjetenaren! Eg følte eg hadde storfint besøk, og du kan tru eg tykte dette var stas. Eg var stolt over å kunne visa fram dei fine målingane





i taket, veggane og dei rosemåla dørene i benkane. I mine yngre år kan eg ikkje seie eg tykte det var så voldsomt stas med «denne kyrkja». Eg forstod ikkje heilt meiningsa med heile rose målinga, men det trur eg høyrer alderen til. Når du er i tenåra og rundt der, så skal det nok mykje til for at interessa for rose måling er stor. Men jo eldre eg blir, desto meir betyr ho for meg. Nå er eg verkeleg stolt over den vakre kyrkja me har her i Grindheim. Det er fantastisk å tenkja på at då dei restaurerte kyrkja i 1941, kom den vakre målinga fram att. Tenk om målinga dei brukte nå

dei måla over kyrkja i 1898 , skulle ha øydelagt dette verket til Risøyne! Eg skjønar godt at mannen som hadde fått i oppdrag å måle over, Arnesen, blei imponert då han sykla forbi og kom innom og fekk sjå igjen «dei gamle krollan». Han hadde heller ikkje trudd dei var like fint bevarte, står det skrive.

Familien som var på besøk denne julidagen fekk opplese historie på målaren sine bibelbilete: Eva som er måla med spiker i navlen og ein til litt lenger ned, biletet av Vår Herre utan føter, snodige storleikar på hender og føter, Moses med horn på hovudet, og ein del om kyrkja si historie.

Minstemann satt stille som eit lys, og han fekk spørsmål om ikkje han hadde lust til å bli med opp i tårnet og sjå på kyrkjeklokka. Det ville både han og fleire i fylget. Høyrde du nokre ring den dagen, så kan eg meddela at klokka måtte jo prøvast, og minstemann gjorde ein utmerka jobb med å ringa i den. Eg tykkjer det er viktig å inkludere borna. Kva kan då passe betre enn å få lov til å prøve lyden i den store klokka?

Eg vil takka så mykje for besøket. Det gjorde godt å vise nokre av



Signe Marie Ussberg og kyrkjetenar Lise Finseth Løland.

etterkommarane kva me er så helldige å pryde kyrkja med, og fortelja dei kor stolte me er av henne.

Ynskjer du å besøke oss, så kan du avtala med anten dagleg leiar for Grindheim og Konsmo kyrkjelydar Ingunn Birkeland (kontaktinfo på side 2) eller med meg. Me skal alltid klara å finna ei tid som kan passa. Alle er hjarteleg velkomne til oss.



Meir om kunst- og kulturhistorie knytt til Grindheim kyrkje, og forklaring til den detaljrike dekoren, kan du lese i denne praktboka. Forfattar er Frans-Arne Stylegard. Anne Rakel Håland står for biletene. Boka er mellom anna å få kjøpt hos Grindheim bil og mek og daglegvarebutikken på Byremo. Og ho er gevinst i kryssordkonkurransen i dette bladet.



Velkommen, ny trosopplærer!

Her er Anne-Margrethe Storaker,
ny trosopplærer i Konsmo, Grindheim og Lyngdal menigheter!

Anne-Margrethe har erfaring fra arbeid i barnehage, frivillig menighetsarbeid og har drevet kor i Lyngdal i flere år. Hun er altså glad i sang og musikk! Nå er hun klar for å bli bedre kjent med oss i Grindheim og Konsmo.

Menighetsrådslederne Vigdis Finseth og Liv Birkeland ser begge fram til å få inn en fast ressurs innen trosopplæring.

Planen er at både vår nye diakon Siri Syrstad og Anne-Margrethe Storaker blir med på gudstjenester hos oss før jul. Og begge er allerede i gang med ulike oppgaver, sammen med resten av staben knytta til kirkene i Lyngdal kommune.

Vi gleder oss og ønsker Anne-Margrethe varmt velkommen!



Min salme

– Brit Bakken Ødegård –



Da jeg gikk på barneskolen, lærte vi mye utenat. Både salmer, dikt og andre tekster. Og salmene ble brukt, både når skoledagen startet og før vi gikk hjem for dagen, og i hver kristendomstime. Det er så mye lettere å synge når teksten kommer av seg selv! På søndagsskolen sang vi mange sanger, de ble kjære med tiden, de også.

Hele familien, besteforeldre, foreldre og barn var glade i musikk og sang. Og mange favoritter har det blitt i årenes løp. Det var nok mor og mormor som lærte oss barna de fleste salmene, og julesangene ble ekstra populære. På julekvelden gikk vi rundt juletreet og sang av full hals, alle julesangene vi kunne, og alle versene. Ikke snakk om å åpne en eneste gave før det var unnagjort!

Da jeg skulle velge en salme som min salme, kom det så mange frem i minnet. Noen fra skolen, noen fra mor, og noen fra besteforeldrene. Vansklig å velge! Plutselig kom tanken: far var den som var minst frampå med å lære meg nye tekster og melodier. Men kanskje nettopp derfor er de to salmene han lærte meg ekstra kjære. Det måtte bli en av dem. Og da var det lett, det måtte bli juleverset Et lite barn så lystelig.

Jeg må forklare litt om hvorfor det er spesielt. Far kom fra Nordmøre og den vakre melodien er en folketon fra distriktet der han vokste opp. Dette verset var ikke tatt med i Landstads reviderte salmebok, og far fortalte at hans egen bestemor var skuffet da denne nye salmeboken kom. Hva slags bok kunne det være, som ikke hadde med selveste juleverset? Noe sånt skal hun ha sagt. Så det er bakgrunnen for at far gjerne ville bevare både teksten og melodien i minnet mitt. Den teksten var i den gamle språkdrakten fra 1910.

Et lidet Barn saa lystelig
Er fød for os på Jorden
Udaf en Jomfru uden Svig
Han er vor Frelser vorden.
Havd ei Guds Søn sin Manddom saa,
Da måtte Verden al forgaa;
Han Redning os kan raade.
Vi takke, sødest Jesu Krist,
At du et Menn'ske vorden est,
Vogt os fra Helvedes Vaade!

Så, i 2013, fikk vi den nye salmeboka. Og nå har vi juleverset i ny og lett forståelig språkdrakt og noter til den vakre melodien på nummer 30. Stor glede!

Et lite barn så lystelig
er født for oss på jorden
utav en Jomfru yndelig,
og er vår frelser vorden.
Var han ei født i manndom ren,
vi gikk fortapte hver og en.
På ham alt håp vi grunner!
Vi takker deg, O Jesus Krist,
at menneske du ble for visst.
O, fri oss fra det onde!

Salmen er gammel, fra 1422, opprinnelig tysk, som så mange av de kjære salmene fra barndommen. Jeg er veldig glad for at denne, som var borte, er kommet tilbake!

SKILDRING FRÅ EIT FERIEPARADIS I INDRE AGDER

Tekst og foto: Lise Finseth Løland

Når ferieturen vert lagt til Byremo, kan mykje hende for ei lita jente på sju år.
Bading, museumsbesök, gudsteneste i kyrkja der ho vart døypt
og til og med vegarbeid for presten i bygda.

Tomine Finseth Østerhus er 7 år, busett i Sandnes med storebror Simon Harder, mamma Lynn og pappa Thor Bjørn. I sommar var ho på feire hos tante Lise på Byremo. Foreldra måtte jobbe, og kva passa vel betre då med ein ferietur til det blide Sørlandet.

Tomine var på Byremosanden når sola skein. Her var det leik og moro. Når sola gjøymde seg bak skyene, blei det gåturar til Osen, Lundefjell og Kollungtveitfossen. Ein dag var ho og innom på Sveindal Museum. Det var noko av det kjekkaste ho hadde vore med på, sa ho. Det var så mange fine gamle og spennande ting på museet at her skulle ho tilbake igjen. Me hadde omvising av guiden Erle Solås. Ho gjorde ein utmerka jobb, og kunne svare på alt Tomine lurte på med desse gamle og til tider rare tinga som dei hadde.

Søndagen den veka Tomine var her, var det gudsteneste. Då bestemte Tomine at der skulle ho. Ho hadde aldri vore på gudsteneste i Grindheim. Ho er døypt her, men kunne ikkje minnast å ha vore på gudsteneste her. Litt før klokka 11 kom ho i finstasen og var klar for å bli med. Ho tykte dette var spennande og sat stille og hørde på heile tida. Presten Geir Ola talte om kor viktig det var å dela. Hadde du mykje, så kunne du dela. Dette kunne gjelda både pengar, tid

og reiskapar du hadde som andre kunne trenga. Han hadde sjølv vore kjip og ikkje ville dela med nokon det som dei trong. Han sleit etterpå

Tomine hadde hørt mykje om presten Geir Ola frå søskenbarnet Tobias. Han er næreste nabo og skyter både titt og ofte om kva han og Geir Ola har jobba med. Det er alt i frå plenklipping til å spa sand og elles arbeid ute på tunet. Ein dag Tomine var her, kom Geir Ola på døra. Vel, han sitt ærend var å høre om Tobias fekk lov til å bli med en tur opp på hytta i Åseral. Han hadde noko grus som skulle fordelast ut på vegen og hadde lova Tobias at han skulle ta han med seg.

Tomine var kjapp med å spørje om ho og kunne vere med. Det svara Geir Ola heilt klart ja på, og av sted bar det. Me rakk å ta eit bilet av dei før dei gjekk, men det var så vidt dei klarte å stå stille. Gleda var så stor over å få lov til å bli med sjølvaste Presten på tur! Tomine hadde tidlegare gitt utrykk for at namnet Geir Ola var litt vanskeleg å både hugsa og å seia, så ho fortalte at ho hadde fått lov å kalla han for Presten. Etter nokre timer var det to strålende fornøgde ungar som kom heim. Dei klarte ikkje å stå stille då heller. Dei lø og fortalte villig kor moro dei hadde hatt det. Dei hadde visst grave og spurt om både det eine og det andre på turen. Tomine meinte nok at ho prekte mest.

Tomine hadde ein fin sommarferie, og sa då ho drog: «Det kulaste med tante Lise er at ho bur på sia av Presten, og så jobbe ho for han i tillegg».



med därleg samvittigkeit. Dette kunne både små og store forstå. Me er ikkje perfekte, me gjer alle feil, men det er tilgjeving å få og me kan gjera det betre neste gong og læra av feila våre.



BARNAS SIDE


Finn 10 fiskearter!

I rutenettet har vi gjemt navnene på 10 vanlige norske fiskeslag. Navnene står fra venstre mot høyre eller nedover. Klarer du finne alle?

K	Å	H	O	I	G	A	N	D	U
O	Q	Y	K	V	E	I	T	E	M
W	E	S	S	L	I	N	G	O	S
S	T	E	I	N	B	I	T	A	K
E	A	R	L	Y	D	A	O	T	A
I	S	O	D	P	Ø	R	R	E	T
D	S	R	U	L	P	A	S	T	E
I	M	A	K	Y	L	A	K	S	I
P	I	R	O	S	Å	F	F	U	S
M	A	K	R	E	L	L	U	S	K
O	S	T	H	O	S	T	E	R	Ø

Fargelegg!

Broren til Marta og Maria var død. Men Jesus vekket Lasarus opp fra de døde. (Tegning: Chiara Bertelli)



Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet under? (Tegning: Chiara Bertelli)



Gi barnebladet
BARNAS til et
barn du er glad i!

Disse oppgavene er
hentet fra bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



FRILUFTSGUDSTENESTE PÅ LØLAND

Tekst: Ragnhild Huseby Solås. Foto: Lise Finseth Løland

Det var ein vakker ramme rundt friluftsgudstenesta på «Skaparverkets dag» søndag 22. august.

Familien Ågedal tok imot kyrkjelyden på garden sin og det vart rigga til gudsteneste i hagen på Løland. Rundt 50 personar tok del i gudstenesta og nokre sprekingar gjekk turen inn til Løland til fots.

Det var 12 år sidan sist me hadde gudsteneste her. Organisten vår, Elisabeth Seland, hadde bytt ut orgelet med trekkspelet og fann seg ein god plass på trappa.

Denne søndagen vart Kristoffer Johansen Salvesen døypt. Sokneprest Geir Ola Tveit trakk lange linjer i preika si på «Skaparverkets dag»: Viss me har 12 års-syklusar på gudstenestene på Løland, så kan me tenke oss at dåpsbarnet Kristoffer kjem tilbake til Løland med 12 års mellomrom. Når han då er 72 år og kjem med barnebarna og skal vise dei kor bestefar vart døypt, så vil me at naturen rundt skal vere like fin og fantastisk som me har han i dag. Naturen er ei gåve til oss frå Gud og å ta vare på han, er vår oppgåve.



Kristoffer, son til Lars Salvesen og Malin Johansen, vart døypt. Storesøster Benedikte hjelper til med å halda dåpslyset. Kristoffer og familien bur i Vennesla, men mor Malin kjem frå Sveindal.

... OG PÅ SKOFTELAND

Tekst: Liv Birkeland. Foto: Tomine Håland

Etter at den opprinnelige gudstjenesten ute i det fri ble avlyst 6. juni, var det godt å kunne samles til søndag 4. juli. Da var den lokale smittesituasjonen igjen tilbake på et nivå som gjorde at folk kunne samles. Det var det mange som uttrykte glede over.

Konsmo menighet feiret «Skaperverkets dag» på Skofteland. Det er en trivelig plass som denne dagen vartet opp med fin temperatur og et passelig vinddrag i lufta.

Som vanlig var det ingen konkurranse om å sette seg lengst frem, men sokneprest Geir Ola Tveit kompenserte raskt avstanden

ved å flytte det mobile og provisoriske alteret nærmere menigheten i det gudstjenesten starta.

Også organisten Elisabeth Seland er fleksibel og evner å gjøre raske tilpasninger når situasjonen krever det. Trekkspillet er en god vikar for kirkeorgelet, og Erik Bye sin «Vår beste dag» var et perfekt

postludium i heielandskapet mellom Konsmo og Kvås.

Ja, det var trivelig å treffes både til gudstjeneste og til en kaffikopp etterpå. Flere tok seg også en tur opp til bygdeborga på Åbestad. Den er fra folkevandringstida, trolig år 400-600 e.Kr.

LITURGIEN

Del 1: SAMLING

Klokkerkinging
Informasjon om dagens gudstjeneste
Kort stillhet
3 klokkeslag
Preludium/inngangssalme
Salmer
Inngangsord/Nådehilsen
Samlingsbønn
Syndsbekjennelse
Løftesord
Kyrie/Bønnerop
Dagens bønn

Del 2: ORDET

Tekstlesing
Preken
Trosbekjennelsen
Kunngjøringer

Del 3: FORBØNN

Forbønn for kirken og verden
Vi minnes de døde og ber for de sørgende.
Takkoffer
Bønn for offeret.

Del 4: NATTVERD

Prefasjonsdialog.

Prefasjon

Hellig. Sanctus

Nattverdbønn

Innstiftelsesordene

Anamnese

Herrens bønn

Fredshilsen

Du Guds lam. Agnus Dei

Kom, for alt er gjort ferdig

Måltidet

Utdelingsord

Etter utdelingen

Takkebønn

Del 5: SENDELSE

Velsignelse
Postludium
Utsendelse

LITURGIEN

– steg for steg gjennom gudstjenesten

Vi er nå kommet til del 4 i liturgien, her i vår gjennomgang av bakgrunn og hensikt for den bestemte ordninga som gudstjenestene følger. Kirkas liturgi har røtter i den jødiske gudstjenesten som Jesus deltok i.

■ Tekst: Geir Ola Tveit

Etter delen med bønn, er det i gudstjenesten klart for nattverd. Det er ikke alle gudstjenester hvor vi har nattverd. Da utgår denne delen.

Prefasjonsdialog

Menigheten reiser seg og står fram til utdelingen av brødet og vinen i nattverden.

Liturg: Herren være med dere.

Menighet: Og med deg være Herren.

Liturg: Løft deres hjerter!

Menighet: Vi løfter våre hjerter til Herren.

Liturg: La oss takke Herren vår Gud.

Menighet: Det er verdig og rett.

Prefasjonsdialogen har røtter i urkirken. Menighet og liturg hilser hverandre fordi Herrene trer inn i menigheten, nærværende og levende. Gud er til stede også ved sitt ord, som det har vært rikelig av tidligere i gudstjenesten. Nå kommer han også i nattverdelementene. Gud blir nærværende og levende, og menigheten gir sin akklamasjon. (Akklasjon betyr å ytre enighet eller bifall, og en liturgisk sammenheng betyr det en kort hymne eller en tekst som menigheten sier sammen.)

Prefasjon

Prefasjon betyr fortale. Dette leddet er et av de eldste i gudstjenesten. Leddet har tre deler:

- a) En takksigelse til Gud.
- b) En anamnese (påminnelse) der menigheten blir minnet om det Jesus har gjort for menneskene. Hans gjerninger er grunnlaget for vår frelse.
- c) En lovprising, der menigheten gir sin tilslutning til englenes lovsang.

Den midterste delen av leddet varierer med kirkeåret.

Liturg: I sannhet verdig og rett er det at vi alltid og alle steder takker deg, allmektige Gud, evige Far, ved Jesus Kristus, vår Herre, han som du sendte til frelse for verden, for at vi ved hans død skulle få tilgivelse for syndene og ved hans oppstandelse vinne det evige liv. Ved ham lovsynger englene din herlighet, og din menighet i himmelen og på jorden priser ditt navn med samstemmig jubel. Med dem vil også vi forene våre røster og tilbedende synge:

Dersom dette leddet hadde blitt skrevet i dag, ville det ganske sikkert fått en annen form med bedre pedagogisk tilnærming. Når den gamle modellen er beholdt, er det fordi kirken vil holde sine eldgamle, liturgiske røtter i hevd. Disse ordene har fungert i mange hundre år, og gir fortsatt mening.

Sanctus

Alle: Hellig, hellig, hellig er Herren

Sebaot,

all jorden er full av hans herlighet.

Hosianna i det høyeste.

Velsignet være han som kommer i

Herrens navn.

Hosianna i det høyeste.

Sanctus har røtter i den jødiske gudstjenesten i synagogen. Ordene stammer fra Bibelen, Jesaja 6,3; Salme 118, 26; Åpenbaringen 4, 8 og Johannes 12, 13.

Sebaot betyr hærenes, også oversatt allhærs. Uttrykket markerer den guddommelige styrke, som har skapt jorden og gitt den sin herlighet.

Hosianna betyr egentlig hjelp, frels. Uttrykket ble brukt i festprosesjoner, omtrent som vårt Hurra. Kristus kommer til oss som den mektige, og menigheten uttrykker sin glede over hans ankomst.

Nattverdbønn

Liturg: Vi priser deg, hellige Gud, himmelens og jordens Skaper, du som har elsket verden og gitt din Sønn, Jesus Kristus, for at han skulle frelse oss fra synd og død og vinne deg et hellig folk. Vi ber deg: Send din Ånd over oss og dine gaver, så vi i tro kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

Dette leddet kalles fra gammelt av Epiklese, som betyr påkallelse. Menigheten ber Gud sende sin Hellige Ånd, slik at de fysiske elementene, brød og vin, blir til Jesu kropp og blod. Vi ber om at naturalia blir til et nådemiddel.

Innstiftelsesordene

Liturg: Vår Herre Jesus Kristus, i den natt da han ble forrådt, tok han et brød, takket, brøt det, gav disiplene og sa: Ta imot og spis!

Dette er min kropp som gis for dere. Gjør dette til minne om meg.

Likeså tok han kalken etter måltidet, takket, gav dem og sa: Drikk alle av den. Denne kalk er den nye pakt i mitt blod som utøses for dere så syndene blir tilgitt. Gjør dette så ofte som dere drikker det, til minne om meg.

Det første nattverdsmaaltidet ble holdt i Jerusalem, der Jesus samlet sine tolv disipler rundt seg og feiret jødenes påske. Jesus innstiftet nattverden, og påla disiplene å fortsette å feire dette måltidet til minne om ham.

Formuleringen i liturgien ligger nært opp til Bibelens gjengivelser av det første nattverdsmaaltidet, slik vi finner det hos Matteus, Markus, Lukas og i 1. Korinterbrev.

Innstiftelsesordene konstituerer nattverden. Når nattverd forrettes hos en syk, kan liturgien forkortes. Innstiftelsesordene og Fadervår må alltid være med.

Anamnese

Liturg: Nådige Gud, vi feirer dette måltid med glede og takk for din Sønns fullbrakte offer, i troen på hans seierrike oppstandelse og himmelfart og i forventning om hans gjenkomst i herlighet. Vi ber deg: Fyll oss med din kjærlighet, så vi kan gjenkjenne Kristus i den som sulter og tørster. Lær oss å elske hverandre som du har elsket oss, og la oss en gang samles hos deg i ditt fullendte rike.

Anamnese betyr påminnelse, og ledet er en videreføring av den midterste delen av prefasjonen. Menigheten blir minnet om det Jesus har gjort. Han ofret seg selv.

Dette leddet har også et tillegg: En bønn om å bli fylt av Kristi kjærlighet, slik at øynene blir åpnet og vi kjenner igjen Kristus i den som lider nød. Kjærlighet fra Gud er ment å være til gjenbruk. Den som elskes av Gud må videreføre kjærligheten til sine medmennesker.

Herrens bønn

Fadervår er alltid med i gudstjenester og kirkelige handlinger. Når det ikke er nattverd, kommer Fadervår under dåpen. Dersom det verken er dåp eller nattverd, kommer Fadervår i etterkant av forbønnsdelen. Alle ber:

Vår Far i himmelen!

La navnet ditt helliges.

La riket ditt komme.

La viljen din skje på jorden slik som i himmelen.

Gi oss i dag vårt daglige brød, og tilgi oss vår skyld, slik også vi tilgir våre skyldnere.

Og la oss ikke komme i fristelse, men frels oss fra det onde.

For riket er ditt og makten og æren i evighet.

Amen.

Fredshilsen Pax

Liturg: Guds fred være med dere.

Menighet: Guds fred være med deg.

I urkirken hilser de kristne hverandre med et kyss. I vår kirke er vi litt mer tilbakeholdne med fysisk kontakt. Meningen med dette ledet er å understreke fellesskapet i menigheten.

Du Guds lam. Agnus Dei

Alle: Du Guds Lam, som bærer verdens synder, miskunne deg over oss.

Du Guds Lam, som bærer verdens synder, miskunne deg over oss.

Du Guds Lam, som bærer verdens synder, gi oss din fred.

Dette er Døperen Johannes' ord da han fikk se Jesus (Johannes 1, 29). I jødisk religiøs praksis ble dyr ofret for at Gud og mennesker skulle bli forsont, gjerne et lam. De som hørte Døperen Johannes' ord skjønte umiddelbart hva han mente: Jesus skulle ofres for menneskenes skyld.

Pave Sergius innførte Agnus Dei i Roma ca. år 700. Sergius var fra Syria,

og tok med seg skikken derfra. I den østlige kirken som han kom fra, ble det innstiftede brødet kalt lammet.

Liturg: Kom for alt er gjort ferdig.

Menigheten inviteres og blir påminnet om at alt er gjort som skal gjøres. Det er ikke nødvendig å utføre noen ekstra, forberedende gjerninger for å kunne delta i nattverden.

Måltidet

Vi har to utdelingsmåter. Begge har det samme teologiske innhold, men uttrykket er forskjellig. Ved knefall ved alterringen får menigheten ro over seg, og mange opplever det som mer høytidelig. Ved dypping går utdelingen raskere, og det oppleves som en lavere terskel å gå til nattverd.

Utdelingsord

Dette er Jesu kropp

Dette er Jesu blod

Fram til nyere tid er ordet legeme blitt brukt. Alle vet hva det betyr, men de færreste bruker det i sin daglig tale. Jesus brukte et helt ordinært ord for kropp, og da er det naturlig at vi også bruker det. Som alternativ til disse ordene kan en også si: Kristi kropp, gitt for deg. Kristi blod, utøst for deg.

Etter utdelingen

Liturg: Den korsfestede og oppstandne Jesus Kristus har nå gitt oss sitt hellige legeme og blod som han gav til soning for alle våre synder. Han styrke oss og holde oss oppe i en sann tro til det evige liv.

Fred være med dere.

Disse ordene kan sies etter hver alterring, men da risikerer en at det går mye tid. Derfor sies det nå når alle har mottatt nattverd. Menigheten blir minnet om innholdet i den gave de nettopp har fått.

Takkebønn

Liturg: Vi takker deg, himmelske Far, for dine velsignede gaver. Vi ber deg at du ved disse gavene vil bevare oss i troen på deg, forene oss i din kjærlighet og stadfeste i oss håpet om det evige liv, for Jesu Kristi skyld. Å takke skaper en bevissthet om hvor gaven kommer fra. Bønnen har også en vinkling mot framtidene. Menigheten ber om at nattverden må innebære positive følger for dagene som ligger foran.

Ja, et visst kirkebygg er viet mye plass i denne utgaven. Det kan se ut som det har sneket seg inn i sokneprest Geir Ola Tveit sin kryssord-nøtt også. Gevinsten er i samme gate, nemlig ei flott bok om det samme staselige samlingspunktet.

Send ditt svar til kirkekontoret (kontaktinfo på side 2) innen 26. november 2021 så blir du med i trekninga.

Da kan du konkurrere mot dalførrets flittigste kryssordløsere, Anne Lise Fuglestad, som vant kryssordkonkuransen fra forrige utgave. Premien er samme nevnte bok, som blir levert til vinneren. **Gratulerer!**

SUBJUNK-SJON		SAKSLISTE	→	PÅLITELIG NAMN	BIBELSK NAMN	KOMPANI YRKE RAUD DAG	VINTER- UTSTYR SLETTET	TØYS	UKOKT LAGA NOKO AV JERN	KYRKJE- LEG INTERIOR	
I KONSMO	↓	TVIL GLATT							SKIFTANDE		
TØYSET	→				SVÆRT GODE GRYPE						
MINKE				TAL (BOKM.)	SINT MODERNE	NAMN UJAMN			PISKA FLØYTE		
GJERE FUKTIG	→			ADVERB	UBETALTE I HALLING- DAL	SAT PÅ HESTEN	IT	TALA USANT	DRIKK	TINE	I GRIND- HEIM
L TEKST I MELLOM TO SKJEL- TEKN E NO	→	RHODIUM	DYR ♀	MUNNING	KYRKJELEG INVENTAR SUBJUNK- SJON				SEI FRA! KARAKTER	GRET BOKSTAV	
TILSETTE	↳					EKSEM- PELET					
					→	→					



Grindheim Bil & Mek. Verksted AS
Tlf. 38 28 02 10

- Reparasjon, oppretting og lakking
- Bensinstasjon
- Blomster og gaver



Vasland Maskin AS

Mob.: 917 13 701 | post@vasland.no | www.vasland.no

BYREMO LÅS

Ånen Leland

Tlf. 916 36 145
byremolas@leland.no
Løkkan 13, 4529 Byremo
- LÅSER OG SYSTEM -

Salong Mini

Velvære

38 28 19 11



B. Strisland
4525 Konsmo

TRANSPORTFORRETNING
Tlf. 38 28 17 76 – 90 58 17 76

HKS BYGG AS

Stig Løland 911 77 139



Mob. 909 76 777

Mail. post@thorslandelektro.no

www.thorslandelektro.no



Farsundveien 135, 4580 Lyngdal

www.traktoras.no

Tlf: 38 34 51 03

PRO Technics AS

- * Salg og installasjon av PA utstyr.
- * Vedlikehold og reparasjon.
- * Salg av projektorer og lerret.
- * Spar miljøet, reparer utstyret!

* E-post: post@protechnics.no

* Telefon: 40 28 43 81

VI BYGGER
SLIK
DU
ØNSKER



konsmo
hus *Konsmo*
Fabrikker a.s.

E-post: firmapost@konsmohus.no

Telefon: 38 28 13 00

VELKOMMEN 2021 TIL GUDSTJENESTER



GRINDHEIM KYRKJE OFFER

17. oktober kl. 11:00	NMS Misjonsprosjektet	Konfirmantpresentasjon og konfirmantjubileum
7. november kl. 11:00	Kirkens SOS	Allehelgensdag
5. desember kl. 11:00	Menighetsbladet	Lys Vaken
24. desember kl. 16:00	Blå Kors	Julaftan
26. desember kl. 11:00	Maritastiftelsen	2. juledag
9. januar kl. 11:00		6-årsbibel
6. februar kl. 11:00		Tårnagentar
6. mars kl. 11:00		Kyrkjelydens årsmøte

KONSMO KIRKE OFFER

3. oktober kl. 11:00	Menighetens arbeid	Konfirmantpresentasjon og konfirmantjubileum
7. november kl. 19:30	Kirkens SOS	Allehelgensdag
28. november kl. 11:00	Acta – barn og unge i Normisjon	Lys Våken
24. desember kl. 14:00	Kirkens Nødhjelp	Julaften
25. desember kl. 11:00	Misjonsprosjektet for Misjonsalliansen	1. juledag
16. januar kl. 11:00	Misjonsprosjektet	6-årsbibel
13. februar kl. 11:00	Blå Kors	Tårnagenter
13. mars kl. 11:00	Menighetens arbeid	Menighetens årsmøte

– Med forbehold om endringer –

– SLEKTERS GANG –

Konsmo

Vigde: Natalie Nesgård og Filip Nepstad, Madelin Sandåker Olsen og Helge Ougland, Cathrine Nordstrøm og Cato Naglestad, Alvhilde Johannessen og Asbjørn Kallhovd
Døde: Dagny Christiane Solberg (*begravet i Bjelland*), Anna Koveland, Tor Edvin Kvalland

Grindheim

Døpte: Arna Maiken Meland, Kristoffer Salvesen-Johansen, Ella Ravndal Tveit, Leon Hårvit

Følg med på: lyngdal.kirken.no | Facebooksiden Kirkene i Audnedal eller kontakt kirkekontoret.



DEN NORSKE KIRKE
Konsmo og Grindheim menigheter